

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Helge Kvam	FA - U62	15/1331

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
72/2015	Formannskapet	PS	08.06.2015
51/2015	Kommunestyret	PS	17.06.2015

Høyring - forslag om endringar i helligdagslova for å tillate søndagsopne butikkar

Vedlegg:

Høring- forslag om endringer i helligdagsloven

Følgjeskriv til Høyring – Forslag om endringar i helligdagsloven for å tillate søndagsopne butikkar helligdagsloven (L)(1055307)

Høringsinstanser (L)(1055302)

Høringsnotat-søndagsåpne butikker - 27.mars 2015 (L)(1055368)

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Viser til høyringsnotat frå Kulturdepartementet datert 27.03.15 jamfør vedlegg. Høyringsfrist er satt til 30.06.1015.

Departementet har:

1. eit primærforslag om at Helligdagsfredlova vert endra slik at påbod om butikkstenging berre skal gjelde på helligdagar som ikkje er vanlege søndagar. Endringsforslag og vurderingar finn ein i kap. 7 i høyringsnotat.
2. eit sekundærforslag der ein vurderer lovendring slik at vedtakskompetanse om søndagsopne butikkar vert lagt til den einskilde kommune. Det alternative forslaget finn ein i kap 8 i høyringsnotat.

Lovheimel som regulerer butikkane sine opningstider finn ein i Lov om helligdager og helligdagsfred [Helligdagsfredlova](#). Lova § 5 pålegg faste utsalsstader å halde stengt på dei helligdagar som er lista opp i § 2, samt stenge frå kl 1600 på jul-, påske- og pinseafeten. Helligdagsfredlova § 5 gjeld også for høgtidsdagane 1. og 17. mai.

Lova § 5 lister også opp ei rekke unntak frå hovedregelen om å halde stengt på helligdagar og å stenge tidlegare på einskilde dagar. Dei mest sentrale av desse gjeld utsalsstader som i hovudsak har sal av kiosk- og daglegvarer og har salsflate på mindre enn 100 kvm, bensinstasjon med salsflate mindre enn 150 kvm, hagesentre samt det generelle fritaket dei tre siste søndagane før jul. I tillegg har Fylkesmannen anledning til å avgjerd om heile eller deler av kommunen skal reknast som typisk

turiststad og slik få unntak frå hovudregel for heile eller deler av året.

Forslag i høyringsnotat datert 27.03.15 gjeld som vist over 2 tema. Det primære er å endre helligdagsfredlova § 5 som pålegg faste utsalsstader å halde stengt på ordinære søndager. Pålegg om å halde stengt på øvrige helligdagar og høgtidsdagar vert oppretthalden, det gjeld og pålegg om å stenge kl 1600 på jul-, påske- og pinseafeten. Gjeldande unntaksbestemmelser vert og vidareført som i dag, slik at det framleis vil vere utsalsstader som kan halde ope på hellig- og høgtidsdager.

Vidare har høyringsnotatet eit alternativt (sekundært) forslag om at vedtakskompetanse vert lagt til den einskilde kommune. Gjennom ei slik løysing vil lokale folkevalde kunne ta stilling til om adgangen til søndagsopne utsalsstader skal utvidast i høve til noverande situasjon. Det er her ein føresetnad at eventuell kommunal vedtaksmynde vert utforma slik at den ikkje gjev kommunen tilgong til å redusere noverande vilkår – kun utvide.

Høyringsnotatet vurderer ulike moment – gjeldande rett, tilhøve til helligdagsfred, regulering av opningstider i andre land samt tilhøve til arbeidsmiljølov. Argumenta vert ikkje tatt opp att her, og ein oppmodar om å lese desse i vedlegg jamfør kap. 2-6.

Vurdering

Rådmann viser til høyringsnotatet datert 27.03.15 med departementet sitt forslag og vurderingar. Saka involverer vurderingar av meir politisk art mellom anne i høve til tema kring næringspolitikk og kyrklege tilhøve med omsyn til søndag som kviledag. Rådmann vil difor kun peike nokre moglege alternative høyringssvar, men utan framlegg til vedtak.

Folkehelse – ingen merknad.

Miljø – ingen merknad

Økonomi – ingen merknad

Konklusjon

Rådmann legg fram alternative høyringssvar til departementet sitt primær- og sekundærforslag. Det vert ikkje gjeve administrativt framlegg til vedtak.

Til primærforslag

Alternativ 1 – Meland kommune er positiv til regjeringa sitt forslag om endringar i helligdagsfredlova som opner for søndagsopne butikker, og som er gjort greie for i høyringsnotat 15/1432 datert 27.03.15.

Alternativ 2 – Meland kommune støttar ikkje regjeringa sitt forslag til endringar i helligdagsfredlova som opner for søndagsopne butikker, og som er gjort greie for i høyringsnotat 15/1432 datert 27.03.15. Meland kommune vil at ein opprettheld gjeldande lovkrav.

Til sekundærforslag

Alternativ 1 - Meland kommune er positiv til at ansvar for å bestemme utvida opningstid for utsalsstader med omsyn til §5 i helligdagsfredlova vert overført til kommunane, men med ein avgrensing på kor ofte opningstider kan endrast.

Alternativ 2 – Meland kommune er tilråd ikkje at ansvar for å bestemme utvida opningstid for utsalsstader med omsyn til § 5 i helligdagsfredlova vert overført til kommunane. Meland kommune vil at lovregulering på området skal styrast sentralt og vere lik for alle kommunar.

Framlegg til vedtak:

Skriv framlegg her

Formannskapet - 72/2015

FS - behandling:

Avrøyting:

Primærforslag - Alternativ 2 vart samrøystes vedteke.

Meland kommune støttar ikkje regjeringa sitt forslag til endringar i helligdagsfredlova som opner for søndagsopne butikker, og som er gjort greie for i høyringsnotat 15/1432 datert 27.03.15. Meland kommune vil at ein opprettheld gjeldande lovkrav.

FS - vedtak:

Meland kommune støttar ikkje regjeringa sitt forslag til endringar i helligdagsfredlova som opner for søndagsopne butikker, og som er gjort greie for i høyringsnotat 15/1432 datert 27.03.15. Meland kommune vil at ein opprettheld gjeldande lovkrav.